



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-010
Arkivsaksnr: 22/73	Løpenr: 23/3224
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Valstyret	25.05.2023	009/2023

Val av oppteljingsmåte ved valtinget – Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023

25.05.2023 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VAL- 009/2023 Vedtak:

I Samnanger kommune blir røystesetlane frå valtinget ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 samla og talde sentralt samla på kommunehuset på Tysse.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I Samnanger kommune blir røystesetlane frå valtinget ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 samla og talde sentralt samla på kommunehuset på Tysse.

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Vallova
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57>)
- Valhandboka
(<https://www.regjeringen.no/no/tema/valg-og-demokrati/den-norske-valgordningen/valghandboken/id463405/>)

Oppsummering:

Det går fram av § 10-4 i vallova at valstyret er ansvarleg for oppteljing av røystesetlane ved val. Valstyret må bestemma kva oppteljingsmåte som skal nyttast ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i Samnanger i 2023. Rådmannen foreslår å bruka den same oppteljingsmåten i 2023 som ved tidlegare val, det vil seia at røystesetlane blir talde samla på kommunehuset på Tysse.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Reglar om prinsipp for oppteljing av røystesetlar står i vallova § 10-4. I tillegg står det utfyllande reglar i Kommunal- og distriksdepartementet si valhandbok. Det er valstyret som bestemmer korleis oppteljinga skal gjerast.

Faktagrunnlag, problemkildring og moglege løysingar:

Vallova § 10-4:

- (1) Valgstyret er ansvarlig for oppelling av stemmesedler. Oppellingen foretas av de personer og på den måten valgstyret har bestemt.
- (2) Særskilt oppelling av stemmesedler kan bare foretas dersom den delen eller de delene av manntallet oppellingen gjelder, inneholder minst 100 navn.
- (3) Ved fylkestingsvalg og kommunestyrevalg skal stemmesedlene telles opp hver for seg. Stemmesedlene kan telles opp samtidig, forutsatt at dette ikke fører til forsinkelse av valgoppkjøret ved fylkestingsvalget.
- (4) Stemmesedler avgitt på forhånd og stemmesedler avgitt på valtinget skal telles hver for seg.
- (5) Stemmesedlene skal telles opp i to omganger, ved en foreløpig og en endelig oppelling.

Valstyret kan velja mellom følgjande tre alternativ for oppteljing av valtingsrøystene (det vil seia røyster som er avgitte på valdagen):

1. **Sentralt – samla**
Alle røystesetlane blir samla og talde samla (ikkje fordelt på røystekrins).
2. **Sentralt – fordelt på røystekrins**
Alle røystesetlane blir talde sentralt, men kvar røystekrins blir tald for seg.
3. **Lokalt – fordelt på røystekrins**
Røystestyret i kvar røystekrins tel røystesetlane ute i dei ulike røystelokala.

Røystesetlane frå førehandsrøystinga i Samnanger må teljast sentralt og samla, då desse blir samla i urnene og det ikkje er mogleg å knyta røystesetlane til dei ulike røystekrinsane.

Det har i mange år vore praksis ved val i Samnanger å telja røystesetlane frå valtinget sentralt (på kommunehuset) og samla (ikkje fordelt på røystekrins).

Uttalar frå andre:

Det er ikkje henta inn uttalar frå andre i arbeidet med denne saka.

Vurderingar og konsekvensar:

Som nemnt ovanfor i saksframlegget, har det vore vanleg i Samnanger å telja valtingsrøystene sentralt og samla. Dette er ein teljemåte som har fungert godt, og som dei involverte er godt kjende med. Røystestyra leverer røystesetlane på kommunehuset etter at røystelokala har stengt, og eit teljekorps på kommunehuset står så for oppteljinga.

Dersom valstyret vel å endra teljemåte, vil dette krevja meir opplæring ute i røystestyra. Teljemåten **Lokalt – fordelt på røystekrins** vil også krevja at røystestyra sjølv registrerer røystene direkte inn i valsystemet EVA. Dette har dei ikkje erfaring med, og dette vil også krevja opplæring. Rådmannen si vurdering er at oppteljingsmåten **Lokalt – fordelt på røystekrins** ikkje vil vera føremålstenleg i Samnanger. Denne oppteljingsmåten vil krevja ein god del opplæring i røystestyra, og ekstraarbeid

for valadministrasjonen. Rådmannen kan heller ikkje sjå at det vil vera nokon spesielle fordelar med å bruka denne oppteljingsmåten i Samnanger.

Skilnaden på oppteljingsmåtane ***Sentralt – fordelt på røystekrins*** og ***Sentralt – samla***, er at me med det første alternativet vil få vita fordelinga av valtingsrøyster både samla for heile kommunen og for kvar røystekrins. Med oppteljingsmåten ***Sentralt – samla***, får me berre vita fordelinga av valtingsrøyster samla for heile kommunen.

Det vil vera minst arbeidskrevjande for valadministrasjonen å bruka oppteljingsmåten ***Sentralt – Samla***.

Rådmannen er ikkje kjent med at det tidlegare har kome kritikk mot at valtingsrøystene i Samnangar blir talde samla (ikkje fordelt på røystekrins). I og med at førehandsrøystene i Samnanger blir talde samla, vil me uansett oppteljingsmåte for valtingsrøystene ikkje kunne få ut eit samla valresultat fordelt på røystekrins. Rådmannen kan ikkje sjå at det er sterke argument for å telja valtingsrøystene fordelt på røystekrins.

Konklusjon:

Rådmannen tilrår at oppteljingsmåten for valtingsrøystene blir den same ved valet i 2023 som ved dei føregåande vala i Samnanger. Dette vil seia at rådmannen tilrår alternativet ***Sentralt – samla***.